

EUROPAPARLAMENTS- OG RÅDSDIREKTIV 2004/37/EF**2008/EØS/36/06****av 29. april 2004**

om vern av arbeidstakarane mot risiko ved å vere utsatt for kreftfraumkallande eller arvestoffskadelege stoff i arbeidet (sjette særdirektiv i medhald av artikkel 16 nr. 1 i direktiv 89/391/EØF)(*)

(konsolidert versjon)

EUROPAPARLAMENTET OG RÅDET FOR DEN EUROPEISKE UNIONEN HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet, særleg artikkel 137 nr. 2,

med tilvising til framleggget frå Kommisjonen,

med tilvising til fråsegna frå Det europeiske økonomi- og sosialutvalet⁽¹⁾,

etter samråd med Regionutvalet,

etter den framgangsmåten som er fastsett i artikkel 251 i traktaten⁽²⁾, og

ut frå desse synsmåtane:

- 1) Rådsdirektiv 90/394/EØF av 28. juni 1990 om vern av arbeidstakere mot farer ved å være utsatt for kreftfraumkallande stoffer i arbeidet (sjette særdirektiv i henhold til artikkel 16 nr. 1 i direktiv 89/391/EØF)⁽³⁾ er vorte endra monaleg fleire gonger⁽⁴⁾. Av omsyn til klarleik og forenkling bør det nemnde direktivet difor konsoliderast.
- 2) For å sikre helsa og tryggleiken for arbeidstakarar er det særstakt viktig å halde ved lag dei minstekrava som er utarbeide for å sikre ein høgare standard for helse og tryggleik når det gjeld vern av arbeidstakarar mot risiko i samband med eksponering for kreftfraumkallande og

arvestoffskadelege stoff i arbeidet, som òg er utarbeide for å gje eit minstevernennivå for alle arbeidstakarane i Fellesskapet.

- 3) Dette direktivet er eit særdirektiv i medhald av artikkel 16 nr. 1 i rådsdirektiv 89/391/EØF av 12. juni 1989 om iverksetting av tiltak som forbedrer arbeidstakernes sikkerhet og helse på arbeidsplassen⁽⁵⁾. Føresegnene i det nemnde direktivet gjeld difor fullt ut for arbeidstakarar som vert utsatt for kreftfraumkallande eller arvestoffskadelege stoff, med etterhald for strengare og/eller meir særskilte føresegner i dette direktivet.
- 4) Det må fastsetjast eit einsarta vernennivå for heile Fellesskapet mot risikoar i samband med kreftfraumkallande eller arvestoffskadelege stoff, og dette vernennivået bør fastsetjast ikkje ved hjelpe av detaljerte krav, men ved hjelpe av ei ramme av allmenne prinsipp som gjer det mogleg for medlemsstatane å nytte minstekrava på ein einsarta måte.
- 5) Stoff som skadar arvestoffet i kjønnsceller kan vere årsak til ei varig endring av mengda av eller strukturen til genmaterialet i ei celle, noko som kan føre til ei endring i dei fenotypiske kjenneteikna ved denne cella som kan verte overført til komande generasjonar av dotterceller.

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT L 229 av 29.6.2004, s. 23, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 134/2005 av 21. oktober 2005 om endring av EØS-avtalerens vedlegg XVIII (Helse og trygghet på arbeidsplassen, arbeidsrett og lik behandling av kvinner og menn), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 4 av 19.1.2006, s. 5.

(¹) TEF C 368 av 20.12.1999, s. 18.

(²) Europaparlamentsfråsegna av 2. september 2003 (enno ikkje offentleggjord i TEU), og rådsavgjerd av 30. mars 2004.

(³) TEF L 196 av 26.7.1990, s. 1. Direktivet sist endra ved direktiv 1999/38/EF (TEF L 138 av 18.9.1996, s. 66).

(⁴) Sjå vedlegg IV del A.

(⁵) TEF L 183 av 29.6.1989, s. 1. Direktivet endra ved europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1882/2003 (TEU L 284 av 31.10.2003, s. 1).

- 6) På grunn av måten dei verkar på, kan stoff som skadar arvestoffet i kjønnsceller truleg ha kreftframkallande verknader.
- 7) Vedlegg VI til rådsdirektiv 67/548/EØF av 27. juni 1967 om tilnærming av lover og forskrifter om klassifisering, emballering og merking av farlige stoffer⁽¹⁾ inneholder kriterium for klassifisering og framgangsmåtar for merking av kvart einskilt stoff.
- 8) Europaparlements- og rådsdirektiv 1999/45/EØF av 31. mai 1999 om tilnærming av medlemsstatenes lover og forskrifter om klassifisering, emballering og merking av farlige stoffblandinger⁽²⁾ inneholder nærmere opplysningar om kriteria for klassifisering og framgangsmåtan for merking av slike stoffblandingar.
- 9) Arbeidstakarar må vere verna i alle arbeidssituasjonar når det gjeld stoffblandingar som inneholder eitt eller fleire kreftframkallande eller arvestoffskadelege stoff, og mot kreftframkallande eller arvestoffskadelege sambindingar som utviklar seg i arbeidet.
- 10) For å sikre eit best mogleg vernenivå må det for visse stoff takast omsyn til alle opptaksvegar, medrekna eit eventuelt opptak gjennom huda.
- 11) Sjølv om den noverande vitskaplege kunnskapen ikkje gjer det mogleg å fastsetje eit minstenivå for helserisikoar, vil ei minsking av eksponeringa for kreftframkallande eller arvestoffskadelege stoff likevel redusere desse risikoane.
- 12) For å medverke til å redusere desse risikoane bør det fastsettast grenseverdiar og andre direkte tilknytte føresegner for alle dei kreftframkallande eller arvestoffskadelege stoffa der dette er mogleg å gjere på grunnlag av tilgjengelege opplysningar, medrekna vitskaplege og tekniske data.
- 13) Grenseverdiar for eksponering i arbeidet må reknast som ein viktig del av dei allmenne tiltaka for vern av arbeidstakarar. Slike grenseverdiar må reviderast når nyare vitskaplege data gjer det naudsynt.
- 14) Føre var-prinsippet bør nyttast når det gjeld vern av helsa til arbeidstakarane.
- 15) Det må gjerast førebyggjande tiltak for å sikre tryggleiken og helsa til arbeidstakarar som vert utsette for kreftframkallande eller arvestoffskadelege stoff.
- 16) Dette direktivet er eit konkret ledd i verkeleggjeringa av den sosiale dimensjonen i den indre marknaden.
- 17) I medhald av rådsavgjerd 74/325/EØF⁽³⁾ har Kommisjonen rådspurt Det rådgjevande utvalet for tryggleik, hygiene og helsevern på arbeidsplassen med siktet på utarbeiding av framlegg til dei direktiva som er førde opp i dette direktivet.
- 18) Dette direktivet rører ikkje ved dei pliktene som medlemsstatane har med omsyn til dei fristane for innarbeidning som er fastsette i vedlegg IV del B —

VEDTEKE DETTE DIREKTIVET:

KAPITTEL I

ALLMENNE FØRESEGNER

Artikkel 1

Mål

1. Målet for dette direktivet er å verne arbeidstakarane mot risikoar for helsa og tryggleiken deira, medrekna førebygging av slike risikoar, som har eller kan ha årsak i at dei vert eksponerte for kreftframkallande eller arvestoffskadelege stoff i arbeidet.

I direktivet er det fastsett særskilte minstekrav på dette området, medrekna grenseverdiar.

2. Dette direktivet skal ikkje gjelde for arbeidstakarar som vert eksponerte berre for stråling som er omfatta av traktaten om skiping av Det europeiske atomenergifellesskapet.

3. Direktiv 89/391/EØF skal nyttast fullt ut på heile det området som er nemnt i nr. 1, med etterhald for strengare og/eller meir særskilte føresegner i dette direktivet.

4. Når det gjeld asbest, som er omfatta av direktiv 83/477/EØF⁽⁴⁾, skal føresegnerne i dette direktivet nyttast når dei gjev betre vern av helsa og tryggleiken i arbeidet.

⁽¹⁾ TEF 196 av 16.8.1967, s. 1. Direktivet sist endra ved forordning (EF) nr. 807/2003/EF (TEF L 122 av 18.9.1996, s. 36).

⁽²⁾ TEF L 200 av 30.7.1999, s. 1. Direktivet sist endra ved forordning (EF) nr. 1882/2003.

⁽³⁾ TEF L 185 av 9.7.1974, s. 15. Avgjorda oppheva ved rådsavgjerd av 22. juli 2003 (TEU C 218 av 13.9.2003, s. 1).

⁽⁴⁾ Rådsdirektiv 83/477/EØF av 19. september 1983 om vern av arbeidstakarar mot farer ved å være utsatt for asbest i arbeidet (annet særdirktiv i henhold til artikkel 8 i direktiv 80/1107/EØF) (TEF L 263 av 23.9.1983, s. 25). Direktivet sist endra ved europaparlements- og rådsdirektiv 18/2003/EF (TEU L 97 av 15.4.2003, s. 48).

*Artikkkel 2***Definisjonar**

I dette direktivet tyder:

a) «kreftfarmkallande stoff»

- i) eit stoff som stettar kriteria for klassifisering som kreftfarmkallande stoff i kategori 1 eller 2 slik det er fastsett i vedlegg VI til direktiv 67/548/EØF,
- ii) ei stoffblanding som er samansett av eitt eller fleire av dei stoffa som er nemnde i punkt i), når konsentrasjonen av eitt eller fleire av dei einskilde stoffa stettar dei krava til konsentrasjonsgrenser for klassifisering av ei stoffblanding som kreftfarmkallande stoff i kategori 1 eller 2 som er fastsette anten
 - i vedlegg I til direktiv 67/548/EØF, eller
 - i del B i vedlegg II til direktiv 1999/45/EF dersom stoffet eller stoffa ikkje er førde opp i vedlegg I til direktiv 67/548/EØF, eller er førde opp der utan konsentrasjonsgrenser,
- iii) eit stoff, ei stoffblanding eller ein prosess som er nemnd i vedlegg I til dette direktivet, og eit stoff eller ei stoffblanding som vert frigjort under ein prosess som er nemnd i vedlegg I,

b) «arvestoffskadeleg stoff»

- i) eit stoff som stettar kriteria for klassifisering som arvestoffskadeleg stoff i kategori 1 eller 2 slik det er fastsett i vedlegg VI til direktiv 67/548/EØF,
- ii) ei stoffblanding som er samansett av eitt eller fleire av dei stoffa som er nemnde i punkt i), når konsentrasjonen av eitt eller fleire av dei einskilde stoffa stettar dei krava til konsentrasjonsgrenser for klassifisering av ei stoffblanding som arvestoffskadeleg stoff i kategori 1 eller 2 som er fastsette anten
 - i vedlegg I til direktiv 67/548/EØF, eller
 - i del B i vedlegg II til direktiv 1999/45/EF dersom stoffet eller stoffa ikkje er førde opp i vedlegg I til direktiv 67/548/EØF eller er førde opp der utan konsentrasjonsgrenser,

- c) «grenseverdi», med mindre det er opplyst om noko anna, grensa for den tidsvegne gjennomsnittskonsentrasjonen av eit «kreftfarmkallande eller arvestoffskadeleg stoff» i lufta innanfor pustesona til ein arbeidstakar i høve til ein fastsett referanseperiode slik det er fastsett i vedlegg III til dette direktivet.

*Artikkkel 3***Verkeområde — fastsettjing og vurdering av risikoar**

1. Dette direktivet skal nyttast på aktivitetar der arbeidstakarane vert eller kan verte eksponerte for kreftfarmkallande eller arvestoffskadelege stoff i samband med arbeidet.
2. Ved aktivitetar der arbeidstakarane kan risikere å verte eksponerte for kreftfarmkallande eller arvestoffskadelege stoff, skal det slåast fast kva, i kor stor grad og kor lenge arbeidstakarane vert eksponerte, slik at det vert mogleg å vurdere all risiko for helsa eller tryggleiken til arbeidstakarane og fastsetje kva tiltak som skal gjerast.

Vurderinga skal gjerast på nytt med jamne mellomrom, og under alle omstende ved endringar i dei tilhøva som kan ha innverknad på situasjonen til arbeidstakarane med omsyn til eksponering for kreftfarmkallande eller arvestoffskadelege stoff.

Arbeidsgjeveren skal på oppmoding leggje fram for dei rette styresmaktene dei opplysningane som denne vurderinga byggjer på.

3. Når risikoen vert vurdert, skal det dessutan takast omsyn til alle andre eksponeringsmåtar, t.d. opptak i og/eller gjennom huda.

4. Ved risikovurderinga skal arbeidsgjeverane vere spesielt merksame på eventuelle verknader på helsa eller tryggleiken til arbeidstakarar som er utsette for særleg stor risiko, og m.a. vurdere om det er mogleg å la vere å nyte slike arbeidstakarar på område der dei kan kome i kontakt med kreftfarmkallande eller arvestoffskadelege stoff.

KAPITTEL II**PLIKTENE TIL ARBEIDSGJEVARANE***Artikkkel 4***Reduksjon og utskifting**

1. Arbeidsgjeveren skal redusere bruken av eit kreftfarmkallande eller arvestoffskadeleg stoff på arbeidsplassen, særleg ved å skifte det ut i den grad det er teknisk mogleg, med eit stoff, ei stoffblanding eller ein prosess som på sine bruksvilkår er ufarleg eller mindre farleg for helsa eller for tryggleiken til arbeidstakarane.

2. Arbeidsgjeveren skal på oppmoding leggje fram for dei rette styresmaktene resultata av dei granskingane som er gjorde.

*Artikkkel 5***Føresegner med sikte på å førebyggje og redusere eksponeringa**

1. Dersom resultata av den vurderinga som er nemnd i artikkkel 3 nr. 2, syner at det ligg føre ein risiko for helsa eller tryggleiken til arbeidstakarane, skal eksponeringa av arbeidstakarane unngåast.

2. Dersom det ikkje er teknisk mogleg å skifte ut det kreftfarmakkallande eller arvestoffskadelege stoffet med eit stoff, ei stoffblanding eller ein prosess som etter bruksvilkåra er ufarleg eller mindre farleg for helse eller tryggleik, skal arbeidsgjeveren syte for at framstillinga og bruken av det kreftfarmakkallande eller arvestoffskadelege stoffet finn stad i eit lukka system, i den grad dette er teknisk mogleg.

3. Dersom det ikkje er teknisk mogleg å nytte eit lukka system, skal arbeidsgjeveren syte for at eksponeringa av arbeidstakarane vert redusert til eit så lågt nivå som det er teknisk mogleg å oppnå.

4. Eksponeringa skal ikkje overstige den grenseverdien for eit kreftfarmakkallande stoff som er fastsett i vedlegg III.

5. Ved all bruk av eit kreftfarmakkallande eller arvestoffskadelege stoff skal arbeidsgjeveren nytte alle dei følgjande tiltaka:

a) avgrensing av mengda av eit kreftfarmakkallande eller arvestoffskadelege stoff på arbeidsplassen,

b) avgrensing til eit lågast mogleg nivå av talet på arbeidstakarar som vert eller kan verte eksponerte,

c) planlegging av arbeidsprosessar og tekniske kontrolltiltak for å unngå eller i størst mogleg grad redusere utslepp av kreftfarmakkallande eller arvestoffskadelege stoff på arbeidsplassen,

d) fjerning av kreftfarmakkallande eller arvestoffskadelege stoff ved kjelda eller ved hjelp av eit lokalt avtrekkssystem eller alminneleg ventilasjon på ein føremålstenleg måte og i samsvar med behovet for å verne den allmenne helsa og miljøet,

e) bruk av eigna metodar som ligg føre for måling av kreftfarmakkallande eller arvestoffskadelege stoff, særleg for tidleg å kunne påvise unormal eksponering som følgje av ei uventa hending eller ei ulukke,

f) bruk av eigna arbeidsprosedyrar og -metodar,

g) kollektive vernetiltak og/eller, dersom eksponering ikkje kan hindrast på andre måtar, individuelle vernetiltak,

h) hygienetiltak, særleg jamleg reingjering av golv, vegger og andre overflater,

i) informasjon til arbeidstakarane,

j) avmerking av risikoområde og bruk av passande varsel- og tryggleiksskilt, medrekna «Røyking forbode»-skilt på område der arbeidstakarane er eller kan verte eksponerte for kreftfarmakkallande eller arvestoffskadelege stoff,

k) utarbeiding av planar for naudssituasjonar som kan føre til unormalt høg eksponering,

- l) hjelpemiddel som gjer det mogleg med trygg lagring, handtering og transport, særleg ved hjelp av romfang som er hermetisk lukka og merkte på ein tydeleg og lett synleg måte,
- m) hjelpemiddel som gjer det mogleg for arbeidstakarane trygt å samle inn, lagre og fjerne avfall, medrekna romfang som er hermetisk lukka og merkte på ein tydeleg og lett synleg måte.

Artikkkel 6

Informasjon til den rette styresmakta

Dersom resultata av den vurderinga som er nemnd i artikkkel 3 nr. 2, syner at det ligg føre ein risiko for helsa eller tryggleiken til arbeidstakarane, skal arbeidsgjeverane på oppmoding stille til rådvelde for den rette styresmakta eigna informasjon om:

- a) dei aktivitetane og/eller industrielle prosessane som vert utførde, medrekna grunnar til at kreftfarmakkallande eller arvestoffskadelege stoff vert nytta,
- b) kor store mengder som vert framstilte eller nytta av stoff eller stoffblandinger som inneheld kreftfarmakkallande eller arvestoffskadelege stoff,
- c) kor mange arbeidstakarar som vert eksponerte,
- d) førebyggjande tiltak som er gjorde,
- e) kva slags verneutstyr som vert nytta,
- f) korleis eksponeringa artar seg og kva omfang ho har,
- g) tilfelle der stoffa er vortne skifta ut.

Artikkkel 7

Uventa eksponering

1. Arbeidsgjeveren skal informere arbeidstakarane dersom det skjer ei uventa hending eller ei ulukke som truleg vil føre til unormal eksponering av arbeidstakarar.

2. Inntil situasjonen er vorten normal att og så lenge årsakene til den unormale eksponeringa ikkje er fjerna,

- a) skal berre dei arbeidstakarane som ikkje kan unnverast til reparasjonsarbeid og anna naudsint arbeid, ha løyve til å arbeide i det utsette området,
- b) skal dei arbeidstakarane som det gjeld, utstyrast med vernetøy og personleg pustevern som dei må bere; eksponeringa må ikkje vere permanent, og skal avgrensast til det som er absolutt naudsint for kvar einskild arbeidstakar,
- c) arbeidstakarar som ikkje er verna, skal ikkje ha løyve til å arbeide i det utsette området.

*Artikkkel 8***Pårekneleg eksponering**

1. For visse aktivitetar som t.d. vedlikehald, der det kan pårekna at eksponeringa av arbeidstakarar vil kunne auke monaleg og der det ikkje lenger er mogleg gjere ytterlegare tekniske førebyggingsstiltak for å avgrense eksponeringa, skal arbeidsgjevaren, etter å ha konsultert arbeidstakarane og/eller representantane deira i føretaket eller verksemda, utan at det rører ved ansvaret til arbeidsgjevaren fastsette dei tiltaka som er naudsynt for å redusere mest mogleg den tida arbeidstakarane vert eksponerte og for å sikre at dei har vern under slike aktivitetar.

I medhald av første leddet skal dei arbeidstakarane som det gjeld, utstyra med vernetøy og personleg pustevern som dei skal bere så lenge den unormale eksponeringa varar; eksponeringa må ikkje vere permanent, og skal avgrensast til det som er absolutt naudsynt for kvar einskild arbeidstakar.

2. Det skal gjerast eigna tiltak for å sikre at områda der dei aktivitetane som er nemnde i nr. 1 første leddet går føre seg, er tydeleg avgrensa og merkte, eller at det på annan måte vert forhindra at personar utan løyve får tilgang til slike område.

*Artikkkel 9***Tilgang til risikoområde**

Arbeidsgjavarane skal gjere føremålstenlege tiltak for å sikre at berre arbeidstakarar som treng det på grunn av arbeidet sitt eller oppgåvane sine, får tilgang til område der det går føre seg aktivitetar som etter resultata av den vurderinga som er nemnd i artikkkel 3 nr. 2, er ein risiko for helsa og tryggleiken til arbeidstakarane.

*Artikkkel 10***Hygienetiltak og individuelle vernetiltak**

1. I samband med alle aktivitetar der det ligg føre ein risiko for ureining frå kreftframkallande eller arvestoffskadelege stoff, skal arbeidsgjavarane gjere føremålstenlege tiltak for å sikre at:

- a) arbeidstakarane ikkje et, drikk eller røykjer i arbeidssoner der det ligg føre ein risiko for ureining frå kreftframkallande eller arvestoffskadelege stoff,
 - b) arbeidstakarane får tildelt føremålstenleg vernetøy eller anna eigna spesialtøy,
 - c) det vert skipa åtskilde lagringsstader for arbeids- eller vernetøy og for daglegtøy,
 - d) arbeidstakarane har eigna og tilfredsstillande toalett- og vaskerom til rådvelde,
 - e) verneutstyret vert lagra på rett måte på ein klart avmerkt stad, og om mogleg vert kontrollert og reingjort før og under alle omstende etter kvar bruk,
 - f) defekt utstyr vert reparert eller skifta ut før det vert nytta igjen.
2. Arbeidstakarane skal ikkje påførast utgifter i samband med dei tiltaka som er fastsette i nr. 1.

*Artikkkel 11***Informasjon til og opplæring av arbeidstakarane**

1. Arbeidsgjevaren skal gjere føremålstenlege tiltak for at arbeidstakarane og/eller representantane deira i føretaket eller verksemda på grunnlag av alle tilgjengelege opplysningsar kan få tilstrekkeleg og føremålstenleg opplæring, særleg i form av informasjon og instruksjon, om:

- a) moglege helserisikoar, medrekna dei auka risikoane i samband med bruk av tobakk,
- b) førebyggjande tiltak som skal gjerast for å hindre eksponering,
- c) reglar om hygiene,
- d) korleis verneutstyr skal nyttast og vernetøy berast,
- e) tiltak som arbeidstakarane, medrekna redningsarbeidarar, skal gjere i tilfelle uhell og for å førebygge uhell.

Opplæringa skal

- tilpassast for å ta omsyn til ny eller endra risiko, og
- gjerast om att jamleg dersom det er naudsynt.

2. Arbeidsgjevarane skal informere arbeidstakarane om anlegg og tilhøyrande romfang som inneheld kreftfraumkallande eller arvestoffskadelege stoff, til å syte for at alle romfang, all emballasje og alle anlegg som inneheld kreftfraumkallande eller arvestoffskadelege stoff, vert merkte på ein tydeleg og lett leseleg måte, og til å plassere fareskilt på lett synlege stader.

Artikkel 12

Informasjon til arbeidstakarane

Det skal gjerast føremålstenlege tiltak for å sikre at:

- a) arbeidstakarane og/eller representantane deira i føretaket eller verksemda kan kontrollere at føresegne i dette direktivet vert nytta eller kan påverke bruken av direktivet, særleg med omsyn til:
 - i) kva følgjer valet av, det å bere og bruken av vernetøy og verneutstyr kan få for tryggleiken og helsa til arbeidstakarane, utan at det rører ved det ansvaret som arbeidsgjevaren har når det gjeld å avgjere kor effektivt vernetøyet og verneutstyret er,
 - ii) tiltak som vert fastsette av arbeidsgjevaren og er nemnde i artikkel 8 nr. 1 første ledet, utan at det rører ved det ansvaret som arbeidsgjevaren har når det gjeld å avgjere kor effektive slike tiltak er,
- b) arbeidstakarane og/eller representantane deira i føretaket eller verksemda snarast mogleg få melding om all unormal eksponering, medrekna eksponering som er nemnd i artikkel 8, om årsakene til eksponeringa og om dei tiltaka som er gjorde eller skal gjerast for å rette på situasjonen,
- c) arbeidsgjevaren har ei ajourført liste over dei arbeidstakarane som utfører dei aktivitetane som etter resultata av den vurderinga som er nemnd i artikkel 3 nr. 2, er ein risiko for helsa eller tryggleiken til arbeidstakarane, og at det der vert gjeve informasjon om den eksponeringa av arbeidstakarane som har funne stad, dersom det ligg føre slik informasjon,
- d) lækjaren og/eller den rette styresmakta og alle andre personar med ansvar for helse og tryggleik på arbeidsplassen har tilgang til den lista som er nemnd i bokstav c),
- e) kvar arbeidstakar har tilgang til dei opplysningane i lista som gjeld han eller henne personleg,
- f) arbeidstakarane og/eller representantane deira i føretaket eller verksemda har tilgang til anonymiserte kollektive opplysningar.

Artikkel 13

Konsultasjon av og deltaking for arbeidstakarane

Når det gjeld saker som høyrer inn under dette direktivet, skal arbeidstakarane og/eller representantane deira konsulterast og ta del i samsvar med artikkel 11 i direktiv 89/391/EØF.

KAPITTEL III

YMSE FØRESEGNER

Artikkel 14

Helseovervaking

1. Medlemsstatane skal gjere tiltak i samsvar med nasjonal lovgjeving og/eller praksis for å sikre ei tilstrekkeleg helseovervaking av arbeidstakarane når resultata av den vurderinga som er nemnd i artikkel 3 nr. 2, viser ein risiko for helsa eller tryggleiken deira.
2. Tiltaka som er nemnde i nr. 1, skal vere av ei slik art at alle arbeidstakrar om naudsynt kan underleggjast tilstrekkeleg helseovervaking
 - før eksponeringa,
 - deretter med jamne mellomrom.
 Tiltaka skal vere av ei slik art at det straks kan setjast i verk individuelle medisinske og yrkesmedisinske tiltak.
3. Dersom det hos ein arbeidstakar vert påvist eit avvik som kan skuldast eksponering for kreftfraumkallande eller arvestoffskadelege stoff, kan lækjaren eller styresmakta med ansvar for helseovervakinga av arbeidstakarane krevje at andre arbeidstakarar som er vortne eksponerte på liknande måte, skal underleggjast helseovervaking.

I eit slikt tilfelle skal det i samsvar med artikkel 3 nr. 2 gjerast ei ny vurdering av risikoen for eksponering.
4. I tilfelle der helseovervaking finn stad, skal det først personleg helsejournal, og lækjaren eller styresmakta med ansvar for helseovervakinga skal for kvar einskild arbeidstakar gjere framlegg om kva verne- eller forebyggingsstiltak som eventuelt skal gjerast.
5. Arbeidstakarane skal få informasjon og rådgjeving om kva slags helseovervaking dei kan underleggjast etter at eksponeringa er avslutta.
6. I samsvar med nasjonal lovgjeving og/eller praksis
 - skal arbeidstakarane ha tilgang til dei resultata av helseovervakinga som gjeld dei sjølv, og
 - kan dei arbeidstakarane som det gjeld eller arbeidsgjevaren deira be om at resultata av helseovervakinga vert vurderte på nytt.
7. Tilrådd praksis ved helseovervaking av arbeidstakarar er førd opp i vedlegg II.
8. Alle tilfelle av kreft som i samsvar med nasjonal lovgjeving og/eller praksis kan tilskrivast eksponering for eit kreftfraumkallande eller arvestoffskadeleg stoff i samband med arbeidet, skal meldast til den rette styresmakta.

*Artikkel 15***Forvaring av dokumentasjon**

1. Lista som er nemnd i artikkel 12 bokstav c), og helsejournalen som er nemnd i artikkel 14 nr. 4, skal forvarast i minst 40 år etter at eksponeringa har teke slutt, i samsvar med nasjonal lovgjeving og/eller praksis.
2. Dersom føretaket innstiller verksemda si, skal desse dokumenta stillast til rådvelde for den rette styresmakta i samsvar med nasjonal lovgjeving og/eller praksis.

*Artikkel 16***Grenseverdiar**

1. I samsvar med den framgangsmåten som er fastsett i artikkel 137 nr. 2 i traktaten, skal Rådet på grunnlag av tilgjengelege opplysninger, medrekna vitskaplege og tekniske data, i form av direktiv fastsetje grenseverdiar for alle dei kreftframkallande og arvestoffskadelege stoffa der dette er mogleg, og om naudsynt fastsetje andre direkte tilknytte føresegner.
2. Grenseverdiar og andre direkte tilknytte føresegner er førde opp i vedlegg III.

*Artikkel 17***Vedlegg**

1. Vedlegg I og III kan berre endrast i samsvar med den framgangsmåten som er fastsett i artikkel 137 nr. 2 i traktaten.
2. Reint tekniske tilpassingar av vedlegg II som følge av tekniske framsteg, endringar i internasjonale reglar eller spesifikasjonar og ny kunnskap om kreftframkallande eller arvestoffskadelege stoff, skal vedtakast i medhald av den framgangsmåten som er fastsett i artikkel 17 i direktiv 89/391/EØF.

*Artikkel 18***Bruk av data**

Kommisjonen skal ha tilgang til informasjon om korleis dei rette nasjonale styresmaktene nyttar dei opplysingane som er nemnde i artikkel 14 nr. 8.

*Artikkel 19***Melding til Kommisjonen**

Medlemsstatane skal sende Kommisjonen teksta til dei internrettslege føresegnerne som dei vedtek på det området som dette direktivet omfattar.

*Artikkel 20***Oppheving**

Direktiv 90/394/EØF, slik det er endra ved dei direktiva som er nemnde i del A i vedlegg IV til dette direktivet, vert oppheva, utan at det rører ved dei pliktene som medlemsstatane har med omsyn til dei fristane for innarbeiding i nasjonal lovgjeving som er fastsette i del B i vedlegg IV til dette direktivet.

Tilvisingar til det oppheva direktivet skal forståast som tilvisingar til dette direktivet, og skal lesast i samsvar med jamføringstabellen i vedlegg V.

*Artikkel 21***Iverksetjing**

Dette direktivet tek til å gjelde 20. dagen etter at det er kunngjort i *Tidend for Den europeiske unionen*.

*Artikkel 22***Adressatar**

Dette direktivet er retta til medlemsstatane.

Utferda i Brussel, 29. april 2004.

For Europaparlamentet

P. COX

President

For Rådet

M. McDOWELL

Formann

VEDLEGG I**Liste over stoff, stoffblandingar og prosessar***[Artikkel 2 bokstav a) iii)]*

1. Framstilling av auramin.
2. Arbeid som medfører eksponering for polysykiske aromatiske hydrokarbon i steinkolsot, steinkoltjøre eller steinkolbek.
3. Arbeid som medfører eksponering for støv, røyk eller tåke som vert danna ved røsting og elektrolytisk raffinering av nikkelråstein.
4. Sterkt sur prosess ved framstilling av isopropylalkohol.
5. Arbeid som medfører eksponering for harde tresortar⁽¹⁾.

⁽¹⁾ Det finst ei liste over visse typer harde tresortar i bind 62 i monografiene om vurdering av risikoar for framkalling av kreft hos menneske, kalla «Wood Dust and Formaldehyde», utgjeven av Det internasjonale kreftforskingssenteret (IARC), Lyon 1995.

VEDLEGG II**Tilrådd praksis ved helseovervaking av arbeidstakarar***(Artikkel 14 nr. 7)*

1. Lækjaren og/eller den rette styresmakta med ansvar for helseovervakainga av arbeidstakarar som vert eksponerte for kreftfframkallande eller arvestoffskadelege stoff, skal vere godt kjend med tilhøva eller omstenda der den einskilde arbeidstakaren er vorten eksponert.
 2. Helseovervakainga av arbeidstakarane skal utførast i samsvar med prinsipp og praksis innanfor yrkesmedisin; helseovervakainga skal minst omfatte følgjande tiltak:
 - registrering av sjukehistorien og yrkesbakgrunnen til den einskilde arbeidstakaren,
 - ein personleg samtale,
 - om naudsynt, biologisk overvaking og påvising av tidlege og reversible verknader.På bakgrunn av nyvunnen yrkesmedisinsk kunnskap kan det vedtakast innføring av ytterlegare prøver for arbeidstakarar som vert underlagde helseovervakaing.
-

VEDLEGG III**Grenseverdiar og andre direkte tilknytte føresegner***(Artikkel 16)***A. GRENSEVERDIAR FOR EKSPONERING I ARBEIDET**

Namn på agensen	EINECS ⁽¹⁾	CAS ⁽²⁾	Grenseverdiar		Merknad	Overgangstiltak
			mg/m ³ ⁽³⁾	ppm ⁽⁴⁾		
Benzen	200-753-7	71-43-2	3,25 ⁽⁵⁾	1 ⁽⁵⁾	Hud ⁽⁶⁾	Grenseverdi: 3 ppm (=9,75 mg/m ³) (inntil 27. juni 2003)
Vinylklorid-monomer	200-831	75-01-4	7,77 ⁽⁵⁾	3 ⁽⁵⁾	—	—
Støv frå harde tresortar	—	—	5,0 ⁽⁵⁾ ⁽⁷⁾	—	—	—

⁽¹⁾ EINECS: Europeisk liste over eksisterande marknadsførde kjemiske stoff.⁽²⁾ CAS: Chemical Abstract Service Number.⁽³⁾ mg/m³ = milligram per kubikkmeter luft ved 20 °C og 101,3 kPa (760 mm kvikksølvtrykk).⁽⁴⁾ ppm = milliondelar etter volum i luft (ml/m³).⁽⁵⁾ Målt eller utrekna i høve til ein referanseperiode på åtte timer.⁽⁶⁾ Ein vesentleg auke av den samla påkjenninga på kroppen er mogleg gjennom eksponering av huda.⁽⁷⁾ Del som kan andast inn: dersom støv frå harde tresortar vert blanda med anna trestøv, skal grenseverdien gjelde for alt trestøv som finst i blandinga.**B. ANDRE DIREKTE TILKNYTTE FØRESEGNER**

pm

VEDLEGG IV**Del A****Oppheva direktiv og seinare endringar av direktivet***(nemnde i artikkel 20)*

Rådsdirektiv 90/394/EØF	(TEF L 196 av 26.07.1990, s. 1.)
Rådsdirektiv 97/42/EF	(TEF L 179 av 8.07.1997, s. 4.)
Rådsdirektiv 1999/38/EF	(TEF L 138 av 1.6.1999, s. 66.)

Del B**Fristar for innarbeidning i nasjonal lovgjeving***(nemnde i artikkel 20)*

Direktiv	Frist for innarbeidning
90/394/EØF	31. desember 1992
97/42/EF	27. juni 2000
1999/38/EF	29. april 2003

VEDLEGG V**JAMFØRINGSTABELL**

Direktiv 90/394/EF	Dette direktivet
Artikkel 1	Artikkel 1
Artikkel 2 bokstav a)	Artikkel 2 bokstav a)
Artikkel 2 bokstav aa)	Artikkel 2 bokstav b)
Artikkel 2 bokstav b)	Artikkel 2 bokstav c)
Artikkel 3-9	Artikkel 3-9
Artikkel 10 nr. 1 bokstav a)	Artikkel 10 nr. 1 bokstav a)
Artikkel 10 nr. 1 bokstav b) første punktumet	Artikkel 10 nr. 1 bokstav b)
Artikkel 10 nr. 1 bokstav b) andre punktumet	Artikkel 10 nr. 1 bokstav c)
Artikkel 10 nr. 1 bokstav c)	Artikkel 10 nr. 1 bokstav d)
Artikkel 10 nr. 1 bokstav d) første og andre punktumet	Artikkel 10 nr. 1 bokstav e)
Artikkel 10 nr. 1 bokstav b) tredje punktumet	Artikkel 10 nr. 1 bokstav f)
Artikkel 10 nr. 2	Artikkel 10 nr. 2
Artikkel 11-18	Artikkel 11-18
Artikkel 19 nr. 1 første ledet	—
Artikkel 19 nr. 1 andre ledet	—
Artikkel 19 nr. 1 tredje ledet	—
Artikkel 19 nr. 2	Artikkel 19
—	Artikkel 20
—	Artikkel 21
Artikkel 20	Artikkel 22
Vedlegg I	Vedlegg I
Vedlegg II	Vedlegg II
Vedlegg III	Vedlegg III
—	Vedlegg IV
—	Vedlegg V